

Tore Renberg – Tollak til Ingeborg

Tollak *til Ingeborg*, blir han kalla. Folk i bygda ser ikkje Tollak heilt som sin eigen person, men meir som ein satellitt som går ut frå kona si verd.

Når romanen startar, er Ingeborg sporlaust borte. Heile bygda har leita utan resultat, og gravferda finn stad med tom kiste. No sit Tollak ein sein kveld og ventar på dottera Hillevi og sonen Jan Vidar. Endeleg skal han få sagt alt han går og ber på.

Med **Tollak til Ingeborg** har Tore Renberg skrive ei thrillerliknande studie av gamle mannsroller, og forteljinga syner eit moderne samfunn som ikkje alle er fortruleg med. Tollak har eit sterkt agg mot tida han lever i, men Renbergs karakterteikning går klar av klisjear og stereotypiar. Som Tollak si verd er enkel og oversiktleg, er romanen lett å orientere seg i. Med enkle ord og setningar opnar Renberg meisterleg lag på lag med meinings- og tolkingsrom lesaren kan gå inn i. Repetisjonar skaper ein rytme som tidvis driv lesaren fram i teksten og byggjer opp under nerven og pulsen i forteljinga.

Alt frå start dreg Renberg lesaren inn i universet til Tollak med ein veldig intensitet. Mysteriet med Ingeborg gjer det umogleg å legge boka frå seg. Ingeborg er like lys og blid, som Tollak er mørk og inneslutta. Eller er ho eigentleg det? Tollak er ein mann med få ord, men med mange meininger om både folk i bygda og samfunnsutviklinga. Lesaren kjem tett på alt som skjer inni hovudet hans.

Akkurat som Tollak sjølv, er dette ei bok som utrykker mykje med få ord.

Tore Renberg debuterte i 1995 med «Sovende floke», som han fekk Tarjei Vesaas' debutantpris for. Han har eit stort og variert forfattarskap og skriv for både barn og vaksne. Han har motteke fleire prisar, blant anna P2-lytternes romanpris, Bokhandlerprisen og Kulturdepartementets bildebokpris for barne- og ungdomslitteratur. For **Tollak til Ingeborg** fekk han både Bokhandlerprisen og Nynorsk litteraturpris. Romanen blei utgitt på Cappelen Damm i 2020.

Tore Renberg er mottakar av Ordknappen 2021 for Tollak til Ingeborg



Leser søker bok